

Referat SMU- møte 01.12.22

Til stades:

Emilie Erga Bærheim	elevrepresentant
Amy Dyrset	elevrepresentant
Ingvild Ueland	elevrepresentant
Aud Hege Myrstøl Skrikrud	foreldrerepresentant og leiar av SU
Olav Andreas Lura	foreldrerepresentant og FAU- leiar
Irene Hundeide	lærarrepresentant
Hilde Malmin Kimo	lærarrepresentant
Edel Njærheim	representant for andre tilsette
Fridtjov Helland	kommunal representant- folkevald
Jorun Beate Fylkesnes	kommunal representant- rektor

Sak 3/ 22 Godkjenning av innkalling og referat

Innkalling til 01.12.22, og referat frå 02.06.22 blei lagt fram.

Vedtak:

Innkalling og referat godkjent.

Sak 4/ 22 Trygt og godt skolemiljø

Om skulen oppdagar eller får informasjon om at elev ikkje har det trygt og godt, varslar tilsette rektor. Skulen kallar inn foreldre med elev (om elev ønskjer dette) for å undersøkje vidare, og ein observerer i eit par veker. Nokre gonger setter ein snarleg i gang med aktivitetsplan, medan ein andre gonger undersøkjer meir for så å utarbeide aktivitetsplan. Elev og foreldre skal ha medverknad til planen.

Om det er klassemiljø ein må betre gjennomfører skulen pedagogisk analyse, kor ein ser på både individ-, gruppe- og systemnivå. Ein ser og til seg sjølv; kva kan me gjer annleis for å betre klassemiljøet til elevane. Ein skriv tidvis og aktivitetsplan for heil klasse. Alle planar skal evaluerast etter noko tid, stort sett etter ca 4 veker. Nokre gonger er det naudsynt med hyppigare evaluering enn fire veker.

Om mobbing ikkje stopper med aktivitetsplan, kan det vera naudsynt å gjennomføre ei tydelegare forventing om at dette skal stoppe, og følgje opp dette.

Rektor har informert alle tilsette om kap 9a 5 som omhandlar om tilsette krenkjer elevar. Det er i slike saker svært viktig med god sakshandtering, og at saka blir vurdert både subjektivt og objektivt.

Saka tatt til orientering.

Sak 5/ 22**Uteområdet**Byggjesituasjonen:

24.11.22 fekk rektor melding om at det er lang leveringstid på rekksverk til ny trapp og rampe, og at framdriftsplanen for ferdigstilling dermed sprekk. Det er truleg at og januar månad vil gå med før Verdalsvegen blir opna.

Skråning ved trapp:

På begge sider av trapp i skulegarden er det støypt inn steinar. Miljøretta helsevern har vore på tilsyn for å avklare eventuell sikring av steinsatt skråning. Risikovurdering er blitt gjennomført, og konklusjonen er at risiko er akseptabel då den ikkje blir vurdert som høgare enn andre naturlege skråningar. Tiltak som gjerder vil nok avgrense bruken, men auke konsekvens ved fall. Alle vaksne må oppmode elevar til å bruke trappa.

Leikestativ:

Ulike leikestativ med manglar blir reparert fortløpende ved behov.

Leikekassar:

Elevrådet har handla inn leikekassar med sandleiker som blir låst opp om morgon, og skal låsast igjen etter skuletid. Ein ser at rutinen må betrast då det nokre gonger ikkje er låst igjen før SFO startar opp.